

Saksprotokoll 28.04.2020 - hovudutval for samferdsel og mobilitet

Trude Brosvik (KrF) sette på vegner av KrF, A, Sp, MDG og SV fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1:

Og med følgjande endring: Det vert lagt inn opsjon om universell utforming for rute 14-318 og 14-334.»

Avrøysting

Brosvik sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 5 røyster (H og Frp). Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å kunngjøre konkurranse om drift av lokalbåtsambanda i Gulen og Solund - Rutepakke 3 - i tråd med tilrådingane i saka. Og med følgjande endring: Det vert lagt inn opsjon om universell utforming for rute 14-318 og 14-334.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele og signere kontrakt med vinner av konkurransen.